

Informasjonsskriv Vigra SFO

Vi ynskjer deg hjarteleg velkomen til Vigra skule og SFO. Vi er midt i bygginga av nye Vigra skule, noko som er både spennande og kjekt å vere ein del av, og som vi ser fram til å ta i bruk. SFO held mellombels til i eigne brakker, og her skal vi vere fram til den nye skulen står ferdig. For ordens skuld held vi til i brakka med berre éi etasje, som ligg nærast parkeringsplassen.

Oppstart

SFO held stengt fire veker i juli og opnar att måndag 3. august. Alle nye førsteklassingar som har søkt plass, kan nytte SFO frå denne datoen.

Allereie ei veke etter oppstart kjem første planleggingsdag. SFO er stengd 10., 11. og 12. august på grunn av planleggingsdagar ved Vigra skule. Vi held ope att 13. og 14. august.

Vi ber føresette til nye førsteklassingar om å sende ein e-post til SFO-leiar (eirik.goncz.solli@giske.kommune.no) og informere om kva dag barnet startar, allergiar eller andre hensyn vi må ta i høve til ditt born.

Plass søker du via: [Mi side](#) | [Velkommen til oppvekstportalen](#) | [Oppvekstportalen - tilbud, søknad og plassering i SFO og barnehage](#)

Dei som ønskjer å nytte SFO når skulen er stengd, må søkje om plass med ferietilbod. Søker ein plass utan ferietilbod, kan barnet ikkje vere på SFO i periodar der skulen held stengt.

Barn med 5 dagar full plass og ferietilbod kan nytte SFO alle dagar vi held ope. Barn med 4- eller 3-dagars plass må ha faste dagar gjennom veka, ein får tilsvarande dagar i ferien. Ettermiddagstilbodet kan gjerast om til tre heile dagar i ferien, medan morgonplass kan gjerast om til ein valfri dag i ferien. 12 timar gratis SFO er låst til måndagar og tysdagar kl. 09.00–15.00 i feriar. Alle plassar utan ferietilbod kan ikkje nyttast i ferieperiodar.

I ferieperiodane er SFO eit felles tilbud for alle skulane i kommunen, og held då til på Valderøy barneskule. Dette gjeld ikkje i august før skulestart, då startar vi opp åleine på Vigra skule for å sikre ein trygg og god oppstart.

Du kan lese meir om foreldrebetaling, prisar med og utan ferietilbod, vedtekter for oppseiing av plass og anna informasjon på [SFO - Hovedportal](#).

Første skuledag er måndag 17. august.

Gratis 12 timar SFO

Alle barn på 1.–3. trinn med SFO-plass har rett til 12 timar gratis SFO per veke. Dette følgjer av opplæringsforskrifta § 2-2, der «timar» viser til klokketimar på 60 minutt.

Det er per no ikkje meldt om vidareføring av gratis SFO for 4. trinn.

Tilbodet med 12 timar gratis SFO inneber at barnet kan vere på SFO kvar dag etter skuletid fram til kl. 15.30, med unntak av onsdagar då tilbodet varer til kl. 15.15. Timane er knytte til tida rett etter skuletid kvar dag, og det er ikkje høve til å fordele dei fritt gjennom veka. Barn med dette tilbodet blir sende heim når den oppsette tida er ute.

Sjølvve tilbodet er gratis, men det kjem ein månadleg kostnad på 112,- kroner i matpengar. Dei som har full plass eller andre plasstilbod som er over gratis tilbodet vil få redusert foreldrebetaling der ein trekk frå 12 timar pr. veke.

I ferieperiodar gjeld 12-timars tilbodet seks timar måndag og seks timar tysdag i ei ferieveke, låst til kl. 09.00–15.00. Dersom ein ønskjer å utvide SFO-plassen i feriar, må ein søkje om å kjøpe ekstra feriedagar via SFO-leiar.

Prisliste – Vigra SFO

Alle prisar er oppgitt per månad og inkluderer prisreduksjon med 12 timar gratis.

SFO-plass utan ferietilbod

(inkludert kostpengar)

Plasstype	Pris
5 dagar plass	2 388,-
4 dagar plass	1 717,-
3 dagar plass	738,-
Ettermiddagsplass	1 517,-
Morgonplass	1 292,-
Gratisplass (12 t/v)	112,-

SFO-plass med ferietilbod

(inkludert kostpengar)

Plasstype	Pris
5 dagar plass	2 605,-
4 dagar plass	1 871,-
3 dagar plass	799,-
Ettermiddagsplass	1 658,-
Morgonplass	1 410,-
Gratisplass (12 t/v)	112,-

Kostpengar

Månadleg pris for matservering:

Plasstype	Kostpengar
5 dagar plass	225,-
4 dagar plass	180,-
3 dagar plass	135,-
Ettermiddagsplass	112,-
Morgonplass	112,-
Gratisplass	112,-

Viktig informasjon om kostpengar

Kostpengar er ein fast og obligatorisk del av SFO-plassen. Summen vert fakturert kvar månad, og er knytt til storleiken på plassen de har valt. Det er ikkje mogleg å velje bort kostpengar.

Dette inkluderer:

- Frukost kvar morgon
- Lunsj kvar ettermiddag

Vi legg vekt på sunne og gode måltid som gir barna energi til lek og aktivitet – og som samtidig skapar ei fin og sosial stund rundt matbordet kvar dag.

Kva skjer på SFO

Vi startar dagen kl. 07.30 med frukostservering fram til kl. 08.10. Ingen er pålagde å ete frukost utan at det er gitt beskjed ved levering. Etter frukost får barna fri lek på SFO-rommet fram til kl. 08.20, før vi sender dei vidare til skulen.

Skuledagen er slutt kl. 13.15 alle dagar, med unntak av onsdag då han sluttar kl. 12.15. Då hentar vi barna ved klasseromma og følgjer dei til SFO. Vi startar ettermiddagen med ei samling der vi går gjennom planen for dagen og tek opprop for å sikre at alle har kome. Når vi har oversikt over gruppa, et vi lunsj. Måltidet varer om lag ein halvtime.

Barna kan gå ut så snart dei er ferdige å ete, eller dei kan sitje lenger og ta seg god tid. Vi oppmodar alle til å ete litt etter skuletid.

Kvar dag tilbyr vi organiserte aktivitetar mellom kl. 14.00 og 15.30. Barna kan sjølv velje om dei vil delta på aktivitet eller ha fri lek ute. Vi er ute fram til kl. 15.30, før vi opnar for inneleik. Då kan barna vere både ute og inne fram til stengetid kl. 16.30.

Dette treng barnet ditt på SFO

For at barnet skal ha ein trygg, komfortabel og aktiv dag på SFO, er det viktig at desse tinga ligg klare:

- **Klede for all slags vêr** – vi er ute kvar dag.
- **Skift og tørre klede** – sjekk jamleg garderoben og fyll på ved behov.
- **Drikkeflaske** som ligg fast i hylla.
- **Gode sko** tilpassa årstida (t.d. joggesko, støvlar eller vintersko).
- **Regnklede og støvlar** på våte dagar.

- **Ekstra varme klede** i den kalde årstida (ull, vottar, lue).
- **Solkrem og solhatt/caps** på varme dagar.
- **Namnemerking av klede og utstyr** – det gjer det mykje enklare å finne rett eigar.

Vi oppmodar dykk om å ta ein liten garderobesjekk med jamne mellomrom. Barna trivst best når dei har det dei treng for å vere aktive og delta i leik – uansett vår

Stengte dagar på SFO 2026-2027

Romjul 2026

SFO held ope 21. og 22. desember.

Det er stengt frå 23. desember til og med 1. januar.

Første opningsdag på nyåret er 4. januar.

Planleggingsdagar

SFO er stengt følgjande dagar:

15. mai, 10. august, 11. august, 12. august og 23. desember.

Påske 2026 – veke 14

SFO er stengt frå 30. mars til og med 6. april.

SFO opnar att 7. april.

Sommar 2026 – veke 28–31

SFO er sommarstengt frå 6. juli til og med 31. juli.

Første opningsdag etter sommaren er 3. august.

Kommunikasjon med SFO

Vi nyttar no **Transponder Meldingsbok** som vår digitale kommunikasjonskanal mellom SFO og føresette. Dette inneber at all skriftleg melding mellom heim og SFO blir sendt gjennom Transponder i staden for gjennom e-post, SMS eller papirbaserte meldingar i sekken.

Med Transponder kan du:

- Sende og motta beskjeder trygt og effektivt.
- Motta informasjon frå SFO og skulen direkte i appen eller via nettlesar.
- Sende fraværsmelding, svare på skjema og halde deg oppdatert med push-varslar.

Last ned **Transponder Meldingsbok** frå App Store eller Google Play, eller logg inn via nettlesaren. Første gong du loggar inn, bruker du **ID-porten**.

Vi oppmodar alle føresette til å aktivere push-varslar slik at viktig informasjon når fram utan forsinkelse.

Praktisk informasjon om oppmøte, henting og leikeavtalar

For at vi skal sikre ein trygg og oversiktleg SFO-kvardag for alle barn, ber vi om at desse rutinane blir følgde:

Fråvær

- Meld frå dersom barnet ditt skal ha fri eller er fråverande.
- Alt fråvær skal registrerast i Transponder Meldingsbok.

Henting

- Det er berre registrerte primærkontaktar som kan hente barnet på SFO.
- De kan leggje inn fleire primærkontaktar i systemet.
- Dersom andre skal hente ein bestemt dag, må de sende melding på førehand.

Leikeavtalar

- Dersom barnet skal vere med ein annan heim frå SFO, må vi ha beskjed via Transponder.
- Det er mogleg å lage faste avtalar om heimgang til eit bestemt tidspunkt. Barnet kan då gå sjølv eller etter avtale med dykk.

God og tydeleg kommunikasjon mellom heim og SFO er avgjerande for at vi skal kunne ta vare på barna på ein trygg og god måte

Vedtekter

- Ber alle sjå gjennom vedtekter der ein særskild kan sjå på oppseiing av plass, endring av plass og anna viktig informasjon.
- [Vedtekter for SFO skuleår 2024-25 - Hovedportal](#)

Eirik Solli.

46847737

Eirik.goncz.solli@giske.kommune.no